

## AVTALE OM RETTLEIING FOR MASTERSTUDENTAR

Studentar som har opptak på masterprogram ved Universitetet i Oslo, Det utdanningsvitenskaplege fakultet, skal skrive ein skriftleg forpliktande avtale med instituttet etter §2.5.7 Forskrift om studiar og eksamenar ved Universitetet i Oslo. I tillegg skal studenten bekrefte utdanningsplanen sin på studentweb og betale semesteravgift, jfr § 7.1.

Rettleiinga inngår som ein obligatorisk del av arbeidet med masteroppgåva og er ein føresetnad for å levere masteroppgåva til sensur. Du som er tatt opp på eit masterprogram ved Universitetet i Oslo, må derfor inngå ein avtale om rettleiing så snart du har fått rettleiar. Du fyller ut avtalen i samarbeid med rettleiar(ar) og leverer den til instituttet for godkjenning.

Namn (Etternamn, alle fornamn)	Studentnummer
Studieprogram og studieretning	

### Varigheit på avtalen

Avtalen gjeld f.o.m \_\_\_\_\_ t.o.m \_\_\_\_\_

### Masteroppgåva

Arbeidstitel på oppgåva.		
Vil oppgåva inngå som ein del av eit fellesarbeid? (kryss av)	Ja	Nei
Om oppgåva er eit fellesarbeid, kven er dei andre medforfattarane:		

### Rettleiingsforholdet

Du kan i avtaleperioden få opp til \_\_\_\_ (fylles ut av instituttet) rettleiingstimar. Timane kan til dømes vere rettleiing på; e-post, telefonsamtalar og møter. Dei gjeld og rettleiar si tid til forarbeid. Rettleiinga kan skje i grupper eller individuelt. Du og instituttet/rettleiaren pliktar å halde dykk til avtalen.

Du og rettleiaren har eit felles ansvar for å planlegge rettleiingsbolken. De plikter å gje kvarandre informasjon undervegs i prosessen om alle forhold som kan ha innverknad på gjennomføringa av oppgåva. Utdanninga skal så langt som mogeleg bli gjennomført innan den perioden avtalen gjeld for. Derfor må de aktivt følge opp forhold som kan sinke deg eller gjere at du ikkje får gjennomført. Om rettleiaren ikkje er tilgjengeleg over eit lengre tidsrom i avtaleperioden (til dømes ved forskingstermin), skal rettleiaren og instituttet syte for at du i denne perioden får ein annen rettleiar.

Denne avtalen er bindande og gjeld den tidsbolken som er avtalt. Ved eventuelle endringar eller forseinkingar skal du inngå ein endringsavtale med instituttet. Du kan ikkje automatisk forlenge rettleiingstida eller få meir rettleiing om du ikkje blir ferdig innan avtalt tid. Du må i tillegg søkje om utvida studierett, jfr. § 7.3 i Forskrift om studiar og eksamenar ved UiO. Skulle du bli forseinka (til dømes ved sjukdom, må dokumenterast) må du kontakte instituttet så snart som mogeleg.

